

Eidsborg, 09.09.24

Budsjettsøknad 2025: søknad om auka driftsstøtte

Tokke kommune er for Vest-Telemark Museum ein sentral premissleverandør gjennom sine løyvingar og planar. Kommunen er ein god og stabil vertskommune for Vest-Telemark Museum, og har bidrege til føreseielege driftsvilkår og viktig støtte i samband med investeringar og utviklingsarbeid. Dette er svært viktig for ei verksemd som vår.

Vest-Telemark Museum har eit klårt samfunnsoppdrag om å ta vare på vår historie, drive kunnskapsutvikling og skape opplevingar, styrke tilhøyre og kulturforståing. VTM har som primæroppgåve fagleg drift av musea. Men museet tek også ei aktiv samfunnsrolle både i våre nærmiljø, i regionen og utover. Me samarbeider tett med kulturdepartement, fylkeskommunen og kommunane i Vest-Telemark på fleire felt: den kulturelle skulesekken, innan kulturminnevern og privatarkiv og er med på realisere kulturpolitiske målsetjingar. Dette i tillegg til grøn næringsutvikling, reiseliv, inkludering og arbeidet mot utanforskap. Våre driftsrammer er avgjerande for kva rolle me kan spele og det me kan levere.

For kommunen er museet ein viktig kompetansearbeidsplass, sysselset mange skuleungdomar og involverer og engasjerer også mange frivillige gjennom våre aktivitetar som levande senter for handverk og tradisjon. Museet er med å byggje identitet, og bidreg vonleg også til auka bulyst i kommunen.

Utfordringar

Museet kan vise til stor aktivitet og gode resultat gjennom vårt arbeid, men må også prioritere bort oppgåver som ein ser som viktige. Ein stor del av vår drift og utviklingsarbeid er basert på eksterne prosjektmidlar, som me hentar inn frå dei ulike forvaltningsnivå, fond og stiftingar.

Det er ein krevjande prosess å halde ei tilstrekkeleg og jamn prosjektportefølje slik at ein kan halde på kompetent mannskap og sikre driftsnivået. Gjennom dei seinare år har tilgangen til prosjektmidlar blitt meir utfordrande, og det gjere at våre prioriteringar må bli hardare.

Forsterkande på dette har også ABE-reforma vore, der stat og fylke gradvis har reelt redusert sine driftstilskott ved å ikkje gje full kompensasjon for løns- og prisvekst. Små kutt frå fleire over fleire år køyver gradvis vårt spelerom.

Museet forvaltar ei stor og krevjande bygningssamling. Den består av 92 antikvariske bygg som krev vøling og restaurering etter antikvariske prinsipp. I tillegg er det også ei omfattande bygningsmasse knytt til utstillingsbygg, tekniske anlegg og anna. Etter fleire års søknad fekk ein i 2024 ei ekstraordinær løyving over statsbudsjettet på 2 millionar til vedlikehald. Dette er sjølv sagt ei viktig hjelp no, men løyvinga er berre for i år. Det meste av vedlikehald av bygningar bør ikkje vere prosjektbasert, men ivareteke gjennom ordinær drift.


I 2021 vart det prioritert ei ny stilling ved museet med særskild ansvar for arbeidet mot barn og unge, skuleopplegg og DKS. Museumspedagogen har vore svært etterlengta, og det ligg også sterke føringar i ulike planverk og kulturpolitiske føringar for at eit museum som oss å arbeide med dette. Skuleelevane i kommunen nyt gode tenester gjennom dette arbeidet, og deltek på pedagogiske opplegg som Jol i gamle dagar (1.klasse), Anne-dagen på Grimdalstunet (5.klasse), kanalhistorie (5.klasse), gruvehistoria på Åmdals Verk gruver (6.klasse), husmannen og handverkaren (ungdomsskulen). For å få til stillinga var me nødt til å leggje som føresetnad at mykje av denne må bli prosjektfinansiert. Finansieringsmodellen for DKS gjev oss ikkje noko hjelp til drift av skuleopplegga. Det har vist seg at innhenting av tilstrekkelege prosjektmidlar til denne stillinga har vore vanskeleg.

Me opplever utfordringar med balansen mellom drift og prosjektfinansiering, og det å ha kontinuitet i kompetent mannskap

Me vonar Tokke kommune deler våre ambisjonar om å oppretthalde og utvikle våre tilbod vidare. Me søker difor om kr. 300.000,- i auka driftsstøtte. Tilsvarende søknad er sendt Vinje kommune der VTM også har ein omfattande museumsaktivitet.

Med von om at de vil ta dette med i budsjettarbeidet

for Vest-Telemark Museum



Dag Rørgemoen
direktør/konservator NMF

Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

post@www.vtm.no – www.vtm.no

Nokre nykkeltal for VTM

Våre samlingar:

-kunsthistoriske gjenstandar:	2002
Kulturhistoriske gjenstandar:	22.726
Arkeologiske gjenstandar:	8
Naturhistoriske gjenstandar:	300
Fotografi:	111.899
Farkostar:	5
Antikvariske bygg	92

Andre bygningar 19

Samla bygningsmasse 15.250 m2 brutto grunnflate.


Samla totalbesøk alle arenaer 2023: 60.000

Totalt årsverk 2023: 20,36

Totalt friviljuge årsverk 2023: ca. 1,5

Samla driftsbudsjett for 2024: kr. 26.7 mill.

Driftsbudsjett Vest-Telemark Museum 2024, per mill.



Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

post@www.vtm.no – www.vtm.no

